



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Møtereferat

Hardanger og Voss Ungdomsråd 19.01.2022

Til stades:

Eidfjord kommune

Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit

Eidfjord kommune

Ungdomsrådsnesteleiar Joakim Pedersen

Kvam herad

Ungdomsrådsleiar Sander Eide Aase

Kvam herad

Ungdomsrådsnesteleiar Ida Djupevåg

Ullensvang kommune

Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati

Ulvik herad

Ungdomsrådsmedlem Victoria Oppheim

Ulvik herad

Ungdomsrådsmedlem Alma Li Hjartnes

Voss herad

Ungdomsrådsnesteleiar Camilla Solberg

Rådsordførar i Hardanger

Ullensvang kommune:

Ordførar Roald Aga Haug

Gjester

[Opplæringskontoret for Hardanger](#), Terje Rongsvåg

[Handalag Opplæringskontor](#), Tone Søgaard

[Indre Hordaland Opplæringskontor](#), Randi Ulleland

Kontaktpersonar:

Ulvik herad:

Tor Hellesnes, deler av møtet

Voss herad:

Eivind Lorentzen Djøanne

Hardangerrådet:

Jostein Eitrheim og Trude Læg Reid Rinaldo

INNLEIING: Opplæringskontora i Hardanger og Voss: Kven er me? Kva gjer me?
Kan Hardanger og Voss Ungdomsråd hjelpe opplæringskontora til å verta endå betre?

Nokre punkt etter dialog:

- Kan me samla rådgjevarar på skulane i Hardanger saman med f.eks opplæringskontor?
- Det er altfor lite informasjon om vidaregåande utdanning i utdanningsfaget, fokuset er på høgare utdanning.

SAKLISTE:

HU-sak 01/22

Konstituering i Hardanger og Voss Ungdomsråd

Vedtak:

Sander Eide Aase er valgt til leiar av Hardanger og Voss Ungdomsråd 2022

Emilie Tveit er valgt til nesteleiar Hardanger og Voss Ungdomsråd 2022

HU-sak 02/22

Saker melde inn ved møtestart

- Utdanningsfaget. Skal Hardanger og Voss Ungdomsråd senda uttale om utdanningsfaget?
- Samarbeid med Vestland fylkesting for ungdom
- Høyringsuttale frå Hardanger og Voss ungdomsråd til valg av nasjonalt ungdomsråd.
Korleis skal det settast saman?

Temarunde gav desse forslaga:

- Opplæring som overordna tema og ha det møtet på Hardanger Produksjonsskule, der ein også får omvising.
- Bruka ungdomstinget som møteplass for å verta betre kjende.
- Utvikling i næringslivet - turisme korleis me kan bygga Hardanger vidare?
- Utdanning
- Bulyst og sjå på kva moglegheiter ein har for å utdanna seg lokalt.
- Lokal fagutdanning.
- Kva må til for å kunna bli verande i små heimkommunar?
- Det er lovpålagt for alle kommunar å ha eit ungdomsråd. Kva har denne lova å sei for ungdommen? Korleis støtte opp om lova og spre informasjon?
- Livsmeistring: psykisk helse, skule, utdanning m.m.
- Merkevarer Hardanger - Voss . Rive oss laus frå sommarturismen, korleis få det til?
- Clean the Fjords - Mål å rydda Hardangerfjorden for plast.

Oppsummert:

TEMA 1: Møteplass for alle representantane:

- Verta kjende
- Ungdom sin medverknad. Dela erfaringar og målsetjingar for medverknad i Hardanger og Voss.

TEMA2: Utdanning:

- Kunnskap om utdanningar og moglegheiter, også for vidaregåande nivå.
- Kan ein utdanne seg lokalt?
- Kva gjev bulyst?

Rådet vil sjå nermare på ["Bømlomodellen"](#) - (spol til 02.19.35 i Nyttårssamlinga til VLFK) "samarbeid med lokalt næringslivet gjev kvalitet i yrkesopplæringa".

Skule og næring saman: [Unitech Teknologisenter](#) *Sitat frå nettsida deira: "På Rubbestandneset i Bømlø kommune bygger Siva Unitech Teknologisenter. Visjonen bak Unitech Teknologisenter er å bringe yrkesskole sammen med teknologibedrifter og slik styrke en allerede enestående lokal kultur for kompetanseutvikling."*

Innspel i møtet:

Clean The Fjords - Mål å rydda heile Hardangerfjorden. Vil vera bra for framtida, omdøme og oss alle. Skal ungdomsrådet engasjera seg i ein slik aksjon? Dette forslaget må alle ta med til eigne ungdomsråd for diskusjon. Presentasjon gitt til Hardangerrådet 17.12.21 er vedlegg til møtebok.

HU-sak 04/22

Digitalt føredrag 2022 "rett til klassen din" - kven vil de invitera?

Forslag 1: *Clean the Fjord*. Digital presentasjon direkte til klassane. Dette i samband med at Hardanger og Voss ungdomsråd er med og arrangerer dette fellesprosjektet for heile fjorden. 2022 er frivillighetsåret, høver godt.

Forslag 2: *Psykt deg*: Kommunepsykolog Maria Østhassel starta kontoen [@psyktdeg](#) under pandemien for å nå ut til ungdom med psykisk helsehjelp.

Administrasjonene arbeider vidare med begge forslaga. Ein plan kan vera å gjennomføra

Forslag 1: *Clean the Fjord* fyrst.

Administrasjonen søker om midlar til å gjennomføra **Forslag 2: *Psykt deg*** til hausten/våren der føredraget vert halde på ein skule i Hardanger/ Voss, og streama til alle dei andre.

1. **Utdanningfaget.** Skal HU senda uttale om utdanningsfaget og forventingar ungdom har?

Hardanger og Voss ungdomsråd oppmodar alle ungdomsråda til å drøfta dette i eige råd, og så kan rådet i felleskap koma fram til ein uttale me kan senda til utdanningsministeren

2. **Samarbeid med Fylkestinget for Ungdom Vestland og Vestland ungdomsutval**

Ungdomsråd er lovpålagt både i kommunane og i fylket, og fylket sitt ungdomsråd fungerer på same måte som eit kommunalt ungdomsråd, med mange av dei vanlege sakene som kollektivtilbud, helse, psykisk helse og skule. Alle ungdomsråd i Vestland har 2 representantar i [Vestland fylkesting for ungdom](#) frå kvart ungdomsråd i fylket.

Dette organ ynskjer å hjelpa dei kommunale ungdomsråda, og kvart ungdomsråd i Vestland har fått sin kontaktperson frå Vestland ungdomsutval:

Eidfjord ungdomsråd: Matilde Myklatur Hole , frå Eidfjord

Kvam herad: Sander Eide Aase , frå Kvam

Ullensvang kommune: Synne Birkehaug, frå Askøy

Voss herad: Maren Sævild, frå Samnanger

Ulvik herad: Theodor Solheim Gjenga, frå Osterøy

Ekstra informasjon:

[Tingdokument Fylkesting for ungdom Vestland \(FFU\)2021](#)

[Møtebok tingmøtet 2021](#)

[Vestland ungdomsutval 2021](#)

3. **Høyringsuttale frå Hardanger og Voss ungdomsråd til valg av nasjonalt ungdomsråd.**

Korleis skal det settast saman?

Alle fylka er med i ei arbeidsgruppesom arbeider for eit nasjonalt ungdomsråd, som er under planlegging. Sander Eide Aase er 1 av representantane frå Vestland, og spør om det er noko ungdomsrådet Hardanger og Voss syns er viktig å ta med når ein mandata skal fordelast? Skal der vera 2 representantar pr valgdistrikt? Skal mandat fordelast etter areal og folketal? Andre forslag?

Og korleis skal ein koma fram til representantar?

[Intervju med representant frå Grevskogen vgs. Tønsberg](#) Særutskrift: “ *Arbeidsgruppens medlemmer jobber nå for å sanke støtte til tanken om et nasjonalt ungdomsråd blant fylkestingene landet rundt. Her lokalt behandler fylkestinget i Vestfold og Telemark saken i sitt møte tirsdag og onsdag i denne uken.*”

Eidfjord:

Endra vedtektene slik at valget gjeld frå 1.1. kvart år.

Ungdomsrådet er vald, no skal den konstituerte leiar og nestleiar velgjast av kommunestyret.

Har hatt arbeidsmøte med kyrkja for å få til aktivitet.

Ny mekkeklubb i Eidfjord - møteplass for mototinteressert ungdom

Har gjeve uttale til Skyss om framtidig kollektivtilbud.

Voss

Hadde veldig bra møte i desember, der dei dei delte ut pengar til ulike lag og organisasjonar. Dei drøftar deltaking på "Demokratiopplæring på utøya". Har mål om deltaking iløpet av våren. Arbeider med planarbeid og barnehagestruktur i kommunen.

Ulvik:

Ungdompolitisk arbeid for meir rettferdig fordeling av gatelys i Ulvik

Ungdomsrådet er representert med 2 deltaktat i Cittaslow rådet, som arbeider for Ulvik.

Ungdområdet har mange nye medlemmer, som har teke del i budsjettmøte

Ulvik har også eit sentrumutvklingsråd, der har også ungdomsrådet plass, og arbeider no med mål om treningsapparat ute i sentrum.

Konstituerte seg etter gammel modell. Skal ta opp sak om å endra vedtektene vedrørende val og tidspunkt for val.

Ullenvang:

Har konstituert seg og har hatt møte. Dei har blandt anna vore med på budsjettbehandling.

Kvam:

Rådet har fått mange nye medlemmer.

Delte i budsjettarbeid.

Delte ut ungdomsrådsprisen, som gjekk til skyttarlaget.

Referant Trude Lægreid Rinaldo